

Årsmelding 2019 Hornindal og Markane skyttarlag

Styret

I styre har vore: Paul Andreas Hatledal (leiar) Ann Therese Gausemel (nestleiar) Thore Heggen (sekretær) Rudi Lødemel (styremedlem) xxxxxxxxx (styremedlem) Ronny Heggen (kasserar og rekneskapsfører)

Vara til styret har vore: Gunn Skrede og Inger Marie Svingeset.

Det har vore halde 9 styremøte og handsama 52 saker.

Anlegg

Det har dette året blitt montert solskjerming med motor og fjernstyring på standplass 100 m, noko som vart svært godt motteke av skyttarar og jegerar. Vi har også fått på plass alarm på standplassar og lagshus. Av andre mindre innkjøp som er gjort kan nemnast: Nokre nye skivefrontar, regulerbare skytestøtter, sensorar.

Arrangement.

Det store arrangementet dette året er sjølvsgatt NM – skifelt som vart arrangert i slutten av mars. Sjølv om veret var «noko vanskeleg» til tider, fekk vi, med nokre små justeringar, gjennomført etter planen. Stor takk til alle medhjelparar som trossa ver og vind og gjorde sitt til at vi fekk mykje gode tilbakemeldingar. Ei ekstra takk til rennleiar Idar Nygård som stod på dag og natt. Deltakinga på årets NM var det meste på mange år, delvis på grunn av god deltaking av yngre skiskyttarar.

Laget har i år arrangert Miniatyrstemne 21.- 24. november 2018, med god deltaking

Finale i Returacup 5. og 7. mars (Samlaget er arrangør)

NM – skifelt 23. og 24. mars.

Lagsskyting miniatyr med 30 deltakarar.

Lagsskyting felt med 10 deltakarar.

Lagsskyting bane med 11 deltakarar.

Olsokstemnet i år vart historisk med første kvinnelege vinnar. Trine Ramsvik Stette skaut til den gode poengsummen 393 p. Ho fekk også Einar Øen sin minnepremie etter ei fantastisk skyting og 150 p på Olsokskytinga. Stemnet samla «berre» 190 deltakarar noko som er lågaste deltakarantalet på mange år. Spesielt ille var det på søndagen med berre 11 førehandspåmelde på 200 m.

Det er sett opp ny Olsokpokal, og første napp gjekk til Engesetdal og Skodje skyttarlag.

Det vart vist mykje god skyting, spesielt i dei aldersbestemte klassane.

Aktivitet / rekruttering / resultat.

Som i andre aktivitetar skulle vi gjerne ønske at det var fleire aktive medlemmar, spesielt blant dei yngre. Rekrutteringa har vore svak siste åra, men dei som er aktive er gode representantar for skyttarlaget, og vi kan vise til gode resultat innanfor dei ulike greinene som er. Ole Kristian, Rudi og Knut er dei som representerer laget mest rundt i distrikta. Spesielt må nemnast at Knut vart noregsmeister i skogsløp m/ skyting på LS. Laget har, dei to siste innandørssesongane, hatt eit nært og godt samarbeid med skiskyttargruppa i Markane i.l. Denne gruppa har bestått av barn og ungdom i alder frå 9 år og opp til 15 – 16. Hornindal og Markane skyttarlag har også, i samarbeid med Hornindal skule, skipa til aktivitetsdagar for dei eldste alderstrinna. I denne samanheng har laget sponsa ammunisjon. I likheit med mange andre lag slit også Hornindal og Markane skyttarlag med rekruttering til DFS – skyting. Dette gjeld alle alderstrinn. Samarbeidet med skiskyttargruppa og skulen viser at det finst mange talent som, med jamn og god trening, hadde hevda seg. For komande innandørssesong vil laget prøve å få til nokre kveldar med ekstern instruktør gjerne i kombinasjon med sosialt samvær, noko som kan vere med å auke interessa for skytesporten. Vi har også planer om å utdanne fleire instruktørar i eige lag.

Samlaget har som tidlegare hatt samlingar for unge skyttarar – feltsamling, rekrutt/NU samling, knesamling osv, på ulike stadar i Nordfjord. Kjekt at dei unge i samlaget kan møtast, få nye innspel og bekjentskaper.

Serieskytinga i år hadde god oppslutning – 3 seniorlag og 4 rekruttlag. Vi hadde 2 rekruttlag og eitt seniorlag i finale. Vi fekk dessverre ikkje av garde meir enn eitt rekruttlag på kort varsel. Dei vart nr. 2, seniorane vart nr 3.

Aktivitetsdag med skulen i miniatyrhallen 2.april - 18 elevar.

Temadag finfelt i forkant av NM skifelt, gjennomført på Ullsheim. 19 deltakarar – skiskyttarane som møtte på denne.

Karoline og Herman Erdal kom til Ullsheim 25. april.

Det vart informasjon om stell og vedlikehold av våpen, og Karoline fortalde om si satsing og gav forhåpentligvis inspirasjon til både bane- og skiskyting.

Årsmelding skifeltutvalet 2019. v/ Idar Nygård

Viser til evalueringsrapport etter NM

Utleige.

Sindre skytebane har vore utleigd til Stryn og Hornindal Jeger og Fiskeforeining, Heimevernet og politiet. Det er gjort avtale med Sudstranda skyttarlag om leige av bana 3 kveldar for sesongen til trening og hjorteprøve.

Idar Nygård markerte sin 70 års dag med eit festleg lag i juni

Miniatyrhallen har vore utleigd til m.a. Samlaget (finale Returacup) og Stryn v.g.s. Skiskyttarlinja.

Bingo

Inntekt av bingo har dette året vart mykje betre enn i fjor med bruttoomsætning på ca. 95.000,- noko som er ca. 14.000,- meir enn fjoråret. Vi ser fram til neste sesong med optimisme.

Medhjelparar til bingoen har stort sett møtt opp, og det har vore mindre omrokeringar frå den først utsende lista enn tidlegare. Takk til alle som stiller opp og hjelper til. Det er tross alt ei av dei største inntektskjeldene våre og bidreg sterkt til drift av laget.

Økonomi.

Økonomien i laget må seiast å vere god. Rekneskapan viser eit overskotet på ca. 205.000,- der rundt 145.000,- kan tilskrivast NM – skifelt. Vi har bra med pengar på bok, men det trengs når vi no har planar om oppgradering av skyttarhuset på Sindre.

Arbeid framover.

Oppgradering / oppussing av skytehuset på Sindre er det som er høgst prioritert no.

Opplæring av fleire personar til viktige funksjonar som f.eks. standplassleiar, vedlikehald elektronikk, vedlikehald skivemateriell, oppdatering av dataprogram etc.

Må bli flinkare til å få ut informasjon til medlemmane.

Rekruttering av nye skyttarar i alle aldrar.

Utmerkingar.

På Ombodsmøte i november 2018 fekk Idar Nygård diplom for lang teneste for skyttarsaka.

Under banketten i samband med NM – skiskyting fekk Idar overrekt skyttarstyret sitt skjold, noko som er ei sær s høg utmerking. For sitt store arbeid og mangeårige verv i Hornindal skyttarlag og Hornindal og Markane skyttarlag vart Idar utnemnd til æresmedlem i samband med markeringa av sin 70 – års dag i juni 2019. Vi takkar for innsatsen og gratulerer med utmerkingane.

Til slutt vil eg takke alle som på ein eller annan måte har hjelpt til på arrangement, bingo og dugnad. Ei spesiell takk til dei som no takkar for seg i styret.

Hatledal 24. oktober 2019

Paul Andreas Hatledal

- leiar -